

Christopher Mørk Sørensen, Bjørnum, sine foreldre er det ingen opplysninger om i familieboka, så her stoppar den anerekka.

18.

Peder Ås Jacobsen Tveråbakken f.1822 d.1892.

Han vart gift med Anne Elisabeth Hansdotter, f.1823 d.1908. Han overtok halve garden etter foreldra, då den vart delt mellom han og søstra, Maren Ås, som bygde hus på nesten same tunet.

Utenom gardsdrifta så hadde han "storbåt" (fembøring) som han dreiv Lofoten med, og sildefiske. Han fekk seg og notbruk som dei dreiv med mest på Meisfjorden.

Han vart heldt for å vere ein dyktig drivar både på garden og i fiskebåten.

Peder og Anne hadde desse barna:

Christopher f.1846 d.1922, som seinare overtok garden.

Jensine f.1847 d.1901. Gift med Aleksander Andersen, og budde på Lilleholt.

Hanna Katrine Ås f.1850, ho vart ikkje gift, men budde hos foreldra.

Aleksander Ås f.1851.

Aleksandrine Bach f.1856. Ho vart gift med Edvard Hansen Ulvang.

Peder Ås f.1858 d.1901. Han vart gift med Nilsine Johansen frå Hjartland, og dei fekk nedre del av garden, som dei kalla "Brenna", og der byde dei husa sine, som etter den tids forhold var svert store og moderne. Han drukna under stormen og storfloa i Samsundøyen i 1901.

19.

Ane Elisabeth Hansdotter f.1823.

Var dotter til Hans Christophersen Angarsnes og kone Caroline Nilsson. Gift med Peder Ås Jacobsen Tveråbakk.

Vart sindssjuk det siste, sjå nr.18.

20.

Mons Jørcen Korneliusen f.1802.

Han var fødd på garden Sirijord av foreldre Cornelius Jensen f.1762, og Inger Marie Tomasdotter f.1770.

Då det vart mykje dødsfall og oppatgifting i foreldregenerasjonen måtte Mons flytte frå Sirijord, og fekk då kjøpe garden Einmo av tante si, Marit Hass frå Leinesodden som då var eigar som "Propietær", og garden har til då vore bygselbruk.

Han vart gift med Adriane Andreasdotter Simsø, og dei overtok Einmoen i 1832.

Då dei fekk forholdsvis stor gjeld under kjøpet, vart det nokså dårleg økonomi, og husa på garden var i nokså dårleg forfatning. Men med hardt arbeid så klarte dei seg bra likevel.